

Muren - ein ny attraksjon i bygda

14.09.2011



Muren er ein ny attraksjon. No er halvparten ferdig.

Kvinnherad Vekstbedrift (tidlegare AFA) er i ferd med å gje bygda ein ny attraksjon, Vi siktar til muren framfor det noverande og det nye bygget - i kombinasjon med gong- og sykkelveg.

Gravemaskinførar Tor Ove Haugland er mannen som bør berømmast saman med Kvinnherad Vekst, som verksemda sikkert blir heitande på folkemunne heretter.



Her skal neste del av prosjektet gjennomførast.

Tor Ove er nå ferdig med halvparten av den 95 meter lange muren og han er innleigd av Sverre Myklebust Maskinstasjon som har entreprisen. Jobben som så langt er gjort er imponerende, prega som han har vore av eksakt nøyaktigheit og estetisk sans. i tillegg til tålmod i rikeleg monn.

-Eg tykkjer vi har spandert noko fint på bygda, seier dagleg leiar Toir Vidar Sæle til uskedalen.no., synleg stolt av verket. Han trur ikkje det finst finare mur langs vegane mellom Haugesund og Bergen.

Med omsyn til kostnad innrømmer han at muren vil 'kosta endel hundretusener ekstra' av ein samla satsing som kan komme opp i 2 millionar. Akkurat no kjem dei ikkje vidare med prosjektet før kommunen får ordna med den nye kloakkleidningen nedover mot skulen. Der blir det også ny gong- og sykkelbane, utløyst av prosjektet til Kvinnherad Vekstbedrift som altså skapar ringverknadar..

Prosjektet betyr også mykje for trafikksikkerheten, understrekar Sæle. Vegvesenet set rimelegvis stor pris på satsinga som dei neppe ville gjennomført utan dette lokale engasjementet. Dei har som sin del av prosjektet lova å leggja asfalt på gong- og sykkelbana som er 2,5 meter brei.

Dei har også synt velvilje på ein annan måte ved å gje dispensasjon på inntil 13,5 meter frå senter i fylkesvegen til

næraste punkt på det framtidige næringsbygget med bustader og kontor. Dette har dei nyleg meldt frå om til kommunen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Døme på kva Tor Ove Haugland har fått til.](#)